



Støtta av
Forskringsrådet



Nyheitsbrev Q4 2025

Scann QR-koden for å abonnere på
vårt nyheitsbrev og følge framdrifta
i prosjektet.



NorseImpact

Korleis kan vi gi persontilpassa digital støttebehandling til den enkelte?

Eit sentralt mål for Norse Impact er å bidra til betre og meir effektiv behandling for pasientar innan psykisk helsevern og rusbehandling. Dette vil vi gjere ved å tilby persontilpassa digitale ressursar som støttar den enkelte sitt behandlings- og oppfølgingsforløp.

For å nå dette målet utviklar vi ein KI-komponent som, ved bruk av pasientrapporterte data, kan identifisere den enkelte pasient sine behov og matche desse med digitale ressursar henta frå eit kunnskapsbasert og kvalitetssikra ressursbibliotek.



Utan samanlikning for øvrig byggjer KI-komponenten på dei same grunnprinsippa som algoritmar som blir nytta til persontilpassa anbefalingar i Netflix: systemet nyttar data til å finne mønster og relevans, og koplar dette til innhald som passar best.


I Norse Impact handlar dette om å matche pasienten sine rapporterte behov med relevante, kvalitetssikra ressursar – som eit tillegg til ordinær behandling.

Målet med den digitale tilleggsbehandlinga er å styrke pasienten til å ta aktiv del i eiga behandling gjennom auka helsekompetanse og meistring i kvardagen. Slik kan Norse Impact bidra til å redusere fråfall og styrke effekten av behandlinga for desse pasientane.

Prosjektsamling i Trondheim: fagleg påfyll og sosialt samhald

I november møttest Norse Impact-teamet i Trondheim til prosjektsamling med fagleg påfyll, diskusjonar og sosialt samvær. Prosjektleder Christian Moltu oppdaterte på framdrift, før stipendiatane delte erfaringar og førebelse funn som gir viktig input vidare.

Samlinga hadde òg fokus på ansvarleg innovasjon samt faglege innlegg om matching-algoritmar, digitale intervensjonar og KVARUS-data frå Rusklinikken ved St. Olavs Hospital. Det var òg god tid til uformell prat og sosialt samvær – viktig for å bygge lag i eit prosjekt som krev tett samarbeid på tvers av fagmiljø.



Stipendiatane i Norse Impact

Nytt om brukarmedverknad i prosjektet

I september arrangerte brukarmedverknadskoordinator Annelin Festervoll ein workshop saman med forskar og rettleiar Inge Joa og ph.d.-stipendiat Hege Tvedt. Brukarmedverkarar, ungdomsrådet ved SUS, erfaringsformidlalar frå FOU-avdelinga og ansvarlege for teknologiutviklinga i NorseImpact deltok. Møtet var både innhaldsrikt og nyttig for forskinga og teknologiutviklinga.

I september deltok også Annelin på områdeseminalet til Folkehelseinstituttet. Ho presenterte «Brukarmedverknad i psykisk helseforskning: Erfaringar frå Norse Impact», der ho la fram koordinatorrolla og tilnærminga Norse Impact har til medverknad. Om lag 200 FHI-tilsette var til stades, og presentasjonen fekk svært gode tilbakemeldingar.

Bli kjent med stipendiat Ida Aasve Hepsø

Fortel oss litt om deg sjølv og din bakgrunn

Jeg heter Ida og er én av tre stipendiater i Norse Impact-prosjektet. Jeg er ansatt hos forskningsseksjonen på Klinikk for rus- og avhengighetsmedisin, St. Olavs hospital. Fra 2018 og ut 2021 jobbet jeg i klinikkens døgnavdeling. Deretter jobbet jeg noen år som lektor på en videregående skole i Trondheim. Jeg er utdannet lektor med master i sosiologi. Av tilleggsutdanning har jeg en bachelor i psykologi, et årsstudium i engelsk og et årsstudium i religionsvitenskap.



Fun-fact om Ida:

Det er konstant rasfare i min umiddelbare nærhet - ikke fra fjell, men fra kjøleskapet. Yoghurtsøl på gulvet er en daglig hendelse. "Du e litt glepphendt," som mannen min sier. Jeg kaller det effektiv multitasking - alt kan faktisk gjøres samtidig, så lenge man tåler noen humper på veien.

Kan du fortelje oss litt om di rolle i prosjektet?

I Trondheim fokuserer vi på unge med problematisk rusbruk, og hvilke erfaringer og perspektiver de har på rusbehandlingen de får. Vi har planlagt tre ulike studier som skal bidra med innspill og tilbakemeldinger på intervensjoner til Norse Impact. Min rolle i prosjektet er å gjennomføre datainnsamlingen, analysere data, skrive artikler, koordinere de ulike brukerrepresentantene vi er så heldige å ha med oss på laget, og mange andre oppgaver. Heldigvis har jeg et stort og godt team som kan det meste og som hjelper meg på veien, og dyktige samarbeidspartnere som Molde behandlingssenter.

Kvifor er dette prosjektet viktig?

Som en del av fremtidens helsetjenester er Norse Impact er samfunnsnyttig på mange nivåer. Personlig har jeg lenge vært interessert i hvordan ulike instanser best mulig kan hjelpe mennesker i ulike situasjoner. Ved å forske på unge voksne med problematisk rusbruk vil vi få en kvalitativ forståelse av deres erfaringer med behandlingen de mottar, og med det få mulighet til å påvirke behandlingen de får, i positiv retning.

Kva inneber doktorgradsprosjektet ditt?

I hovedsak vil nok doktorgradsarbeidet mitt innebære å utforske hvilke interne og eksterne faktorer som påvirker de unges mulighet/ ønske om/ motivasjon til å forplikte seg til behandling. Dette grunner i at forskning viser at fullført behandling er en god indikator for positivt behandlingsutfall, og at dropout-raten blant unge i rusbehandling er særlig høy, sammenlignet med andre grupper.

